



Statens vegvesen

Knut Vindenes og Sissel Kandal
Kringlebotn 247
5225 NESTTUN

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Bjørn Skorpa Eikeland /
47248274

Vår referanse:
17/137651-4

Dykkar referanse:

Vår dato:
05.12.2017

Vedkommande din klage på vedtak om løyve til dispensasjon frå byggegrense mot fv. 122, gnr. 78 bnr. 4 Fusa kommune

Saksinformasjon:

Byggadministrasjon Harald Bjørndal AS har på vegne av Eli Dalland søkt om dispensasjon frå byggegrense mot fv. 122 for oppføring av frittliggande bustad på gnr. 78 bnr. 4, Fusa kommune. Bustaden er prosjektert ført opp på del av gnr. 78 bnr. 4 som ligg vest for kryss mellom kommunal veg KV1128 og fv. 122. Fv. 122 har ein ÅDT på 1000 og fartsgrensa er 40 km/t på staden. Fv. 122 er i *Rammeplan for avkøyrslar og byggegrenser langs riks- og fylkesveg i region vest* definert som klasse 3 med byggegrense på 30 m. Det er gang- og sykkelsti langs med nordsida av fv. 122.

Bustad er prosjektert med næraste punkt ca. 11 m frå senterlinja til fv. 122.

Statens vegvesen valde å innvilga dispensasjon då seinare tids utbetringar av fv. 122 og bygging av gang-/sykkelsti medfører at det ikkje er naudsynt å bandlegge areal langs fylkesvegen mpt. framtidig behov. Bustaden ligg rett nok nære vegen, men medfører ikkje at sikta i kryss mellom fv. 121 og kommunal veg KV1128 vert dårlegare enn det gjeldande normalar krev (handbøker N100 og V121).

Klage

Vedtaket om dispensasjon vart gjort 06.09.17. Klage er datert 23.11.2017. Du skriv i epost av 01.12.17 at du vart informert om vedtaket i nabovarsel du mottok den 23.10.17, men at nabovarselet ikkje inneheldt detaljar, berre informasjon om at eit vedtak var gjort. Sjølve vedtaket fekk du 06.11.17 etter å ha søkt om innsyn i saka 03.11.17. Du meiner at klagefristen etter forvaltningslova § 28 byrja då du mottok dokumenta 06.11.2017.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Flyplassvegen
5705 VOSS

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Byggadministrasjon Hardald Bjørndal AS har i epost av 29.11.17 framlagt dokumentasjon på at du mottok informasjon om at dispensasjon frå byggegrense var innvilga 07.09.17.

Vurdering:

Statens vegvesen vurderer at du som næraste nabo har rettslig klageinteresse i denne saka jf. Forvaltningslova § 28.

Klage vart motteke av statens vegvesen 23.11.17, 10 veker etter at du vart informert om vedtaket. Du vart rett nok ikkje informert om klagefrist og klageorgan då du vart underretta om vedtaket gjennom sms frå søkar. Statens vegvesen vurderer at du som klager hadde nok tid til å sette deg inn i saka og be om innsyn i dokumenta før klagefristen på 3 veker var ute.

Statens vegvesen vurderer at du vart underretta om vedtaket den 07.09.17 jf. forvaltningsloven § 29 første ledd, og at klagefristen var ute når klagen vart framsett for Statens vegvesen den 23.11.17.

Statens vegvesen vurderer at klagen ikkje tas opp til behandling etter forvaltningsloven § 31 då vilkår i bokstav a) og b) ikkje er til stades.

Klagen på vedtak om dispensasjon frå byggegrense mot fv. 122 vert avvist i medhald av forvaltningsloven §§ 29 og 31.

Retts til å klage

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova § 28. Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet [«klage på forvaltningsvedtak»](#). Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Hordaland fylkeskommune. Send klagen til Statens vegvesen Region vest Statens vegvesen Region vest, Postboks 43, 6861 Leikanger eller firmapost-vest@vegvesen.no, som vil sende klagen vidare til klageinstansen.

Plan og forvaltning Voss og Hardanger
Med helsing

Carl Erik Nielsen
Seksjonsleiar

Eikeland Bjørn Skorpa
Avdelingsingeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

